

Funksjonar og gode døme på bruk av Jamf Parent

På læringsbretta til elevane kan ein ikkje installere eigne appar, bruke FaceTime, Helse-appen eller andre appar som er meinte for private iPadar.

Sjølv om appar ikkje er installerte på iPaden, vil du kunne sjå desse appane i Jamf Parent, saman med kategoriar som sosiale medium, shopping og spel. Jamf Parent viser dei som standard, uavhengig av kva som faktisk er tilgjengeleg på eleven sitt læringsbrett.

Funksjon – Websites

Let deg styra kva nettstader som er tilgjengelege på læringsbrettet (iPaden). Du kan tillate (Allow) eller blokkera (Block) bestemte nettstader ved behov. Innstillingane gjeld heilt til du endrar dei. Du treng ikkje å leggja dei inn på nytt kvar dag.

Funksjonen kan vera nyttig om du vil avgrensa tilgang til distraherande innhald. Er ei nettside lagt inn feil, kan du sletta han ved å klikka på minusteiknet ved sida av nettadressa. Reglane som du set i Websites, kjem i tillegg til nettfilteret som er administrert av kommunen, og dei vil ikkje kunne oppheva blokkeringar som ligg der frå før. Du kan bruka det til å avgrensa tilgangen ytterlegare.

Funksjon - Restrictions

Let deg slå av eller på ulike funksjonar på læringsbrettet (iPaden), til dømes kamera eller airdrop. Desse innstillingane vil også gjelde heilt til du vel å endre dei. Er ei avgrensing feil? Då kan du sletta ho ved å klikka på minusteiknet ved sida av restriksjonen.

Funksjon - Allowed Apps

Let deg velja nøyaktig kva appar som skal vera tilgjengelege på læringsbrettet (iPad). Alle andre appar blir då skjulte så lenge denne innstillinga gjeld. Dette er ein enklare funksjon enn Device Rules, og passar best til bruk «her og no», når du raskt vil avgrensa tilgangen til nokre få appar. Me tilrår at du brukar Device Rules dersom du vil automatisera slike avgrensingar over tid.

Funksjon - Device Rules

Let deg styra kva appar som er tilgjengelege på læringsbrettet (iPad) til bestemte tider eller i avgrensa periodar. Då slepp du å leggja dei inn på nytt kvar dag. Du kan laga fleire reglar, men ver merksam på at reglar ikkje kjem i konflikt med kvarandre. Er ein regel feil? Då kan du sletta regelen ved å sveipe regelen til høgre og velja «Delete».

Døme på «Device Rules»

Regel – Nattestenging

Mål: Låse læringsbrettet for bruk på kvelds- og nattestid

Du kan laga ein regel som gjer at berre klokke-appen er tilgjengeleg kvar dag, til dømes frå kl. 19.00 til kl. 08.00 neste dag.

Slik gjer du:

1. Gå til Device Rules
2. Trykk «Create Device rules»
3. Vel «Custom» og vel berre Clock (klokke appen)
4. Vel når og kva tidsrom regelen skal gjelda
5. Lag eit namn på regelen
6. Klikk «Save»

Regel - Leksearbeid

Mål: Berre lekseappar er tilgjengelege i ein avgrensa periode.

Du kan velje berre dei appane som skal brukast til lekser, til dømes Showbie og Book Creator, i ein bestemt tidsperiode.

Slik gjer du:

1. Gå til Device Rules.
2. Trykk «Create Device rules».
3. Vel «Custom»
4. Vel til dømes Showbie og Book Creator under Allowed apps.
5. Vel når og kva tidsrom regelen skal gjelda
6. Lag eit namn på regelen

Tryggleik og personvern

Kommunen har inngått databehandlaravtale med Jamf. Jamf School blir brukt som den sentrale løysinga for administrasjon og styring av elevane sine læringsbrett. Avtalen forpliktar Jamf og eventuelle underleverandørar til å følgje EU si personvernforordning (GDPR) ved handsaming av personopplysningar. Jamf Parent er eit tillegg til Jamf School, men kan ikkje endra tryggleiksinnstillingar eller skuleoppsett som er bestemt av kommunen.

Appen gir ikkje føresette innsyn i innhald, aktivitet eller kommunikasjon i appar. Det er heller ikkje mogleg å sjå kva nettsider barnet besøker eller kor lenge ulike appar blir brukte. Det blir ikkje samla inn eller delt detaljert brukarinformasjon gjennom Jamf Parent.

Dette inneber at Jamf Parent er eit verktøy for å setja rammer og struktur, ikkje overvaking, og er utforma med personvern og barnet sin rett til privatliv som eit grunnleggande prinsipp.